

KAPITTEL 5 – HELIN

Det er jo tullete, det er jo det. Men Helin kan ikkje la vere å håpe. Når Tor kjem med nisselua, håper Helin at nokon skal trekke namnet hennar. At ho skal pakke opp, og at ho skjønner når ho opnar, at det er ei gåve frå Liam. At han skal sjå på henne med det rolege og gode blikket.

Han er så annleis enn alle andre her, som berre skal tøffe seg. Kva veit ho eigentleg om han? Han seier ikkje mykje. Det verkar ikkje som han har fått nokon gjeng eller spesielle vener her enno. Han liker klementinar. Han ser snill ut. Han har lett for å smile, men gapskrattar ikkje. Det er ikkje lett å la vere å håpe.

Men nei. Då Tor kjem smilande og rekker fram nisselua, er det henne han stoppar framfor i dag. Ho trekker Alexander, som får eit munnspele. Rar gåve, og alle ser at det er Vega som har gitt gåva, for ho blir heilt mørkeraud i fjeset. Det blir latter, kommentarar og klein stemning. Tor får det travelt med å sette i gang med engelskoppgåver, og så er alt som vanleg. Nokre jobbar, dei fleste tullar, pratar.

Dei får lov til å velje læringspartnar sjølve. Bjørk og Helin gjer nokre oppgåver, så blir dei sitjande og skravle. Bjørk vil berre snakke om sin «hemmelege» nisseven, sjølv sagt.

– Veit du at han spelar?

– Gamar? Det gjer vel alle?

Det er visst ikkje mogleg for Bjørk å snakke lågt. No må snart alle vite kven som skal få dei parfymerte sokkane.

– Nei, ikkje slik. Piano.

– Piano? Helin stussar.

– Ja, er det ikkje kult? Han spelar i eit orkester. Sånn stort med vaksne folk med feler og tubaer og slikt.

Jo, det er kult. Liam er noko for seg sjølv. Spelar piano, ikkje Xbox.

Av og til trur ho at han ser på henne, men det kan ikkje stemme. Kvar gong ho ser etter, ser han ein annan veg.

– Vi må jo finne på nokre nissestrekar, Helin! seier Bjørk. – Kanskje vi kan bygge ein stor snømann i hagen hans?

– Lukke til, seier Helin tørt og peikar ut av vindauget. Det er framleis brunt, grått og regn der ute.